nokå sjølvstast at dei som har mest pengar også har best råd til å drive ei stor presse. Desse avisene, eg treng ikkje nemna namn, har stort opplagstal, og har ein enorm innverknad på folket. Dei formar folks politiske syn og tenkjemåte. Nynorsken har aldri vore velsedd i desse krensane, og det er her at nynorskheten har sine røyer. I ord er alle for nynorsk, det er jo så vakkert, særleg i naturlyrik, men i praksis motarbeider ein han, medvite og umedvite. Skil ein sikra nynorsken eit effektivt vern, lyt ein få han inn i dei store dagstavnene våre. Ein må få faste medarbeidarar som nyttar nynorsk konsekvant, og følgje ei språkleg line som seier at ca. 20-30 pct. av stoffet skal vere på nynorsk. Eg har slett ikkje tru på at nokon aviser vil gjennomføra noko slikt, eg kastar berre fram tanken. Avisene må bli medvitne om kva for språkleg innverknad dei har og kva uheldige konsekvensar ei ein-språkleg bokmålspresse har å seia for den språklege og kulturelle stoda i landet. Slik det er no, tek ein med nauda inn lesarbrøn på nynorsk, elles er nynorsken bannlyst. Ei stor-hending er det at Stortinget har låvvt 75.000 kroner til eit nynorsk pressekontor, men vi kan ikkje sjå oss til tols med dette. Uvettan mot nynorsken er ikkje døtt med ein slik pengesum som dette.

Slik det har vore til no, er det storkapitalen som styrer språkutviklinga og trør dei kulturelle verdidar som nynorsken representerer under fot. Målørsla har alltid vore fattig på økonomiske midlar, og dette kan få lagnadstunge følgjer. Ein må allid hugse på at dei to kulturformene våre ikkje står like sterkt, og så får ein prioritere låvvingane etter det.

Noko landsomfattande nynorsk dagspresse finst ikkje i det heile. Nynorskfolk har måtta kjempa fram si eiga presse, ofte har økonomiske hindringar lagt kjelkar i vegen for nye bladtitlar. Det har sjeldan eller aldri vore sett på som noko naturleg å bruke nynorsk. Nynorsken trivst best i nynorsk-reservata, meiner ein. Dersom du skriv nynorsk, er du automatisk målmann, brukar du bokmål, er du «nøytral». Vi må ikkje blanda språkpolitikk inn i dette, gaular folk dersom ein eller annan småliden kar gjer framlegg om nynorsk i eit eller hitt, og så fastset formyn-darane, dei som har «greie» på slikt, at det skal vere på bokmål. Dermed skulle alt vere i orden. Slik hender til og med i dei tjukeaste målbygder.

Slik den kulturelle stoda i landet er no, er det miljøet som vel målet for folk. Det er ikkje snakk om målsaka står sterkt i kulturelt sett, er ho så politisk og økonomisk veik at folk gjev etter for bokmålspresset. Folk-fritt. Dette skjer i pakt med rådande økonomiske og politiske makttilhøve i samfunnet. Dei to målformene våre slåst ikkje på eit opphøgd plan for seg, striden går føre seg midt innellom oss, midt i vår politiske kvardag.

At nokon tytkjer at ordet «sein» er vulgært medan «sen» er danna, har ikkje noko med ordet sjølv å gjere. Difongen «ei» er ikkje i seg sjølv styggen. Grunnen til eit slikt syn ligg i den politiske og sosiale samanhengen. Vi må då spørje oss sjølv: «Kven seier at «sen» er danna og «sein» udanna?». Dimest:

HUGS! Halvårsmøtet i Studentmålaget som vert halde i månedsskiftet november-desember

Torjus har ordet:

Til Paven i Rom.

Det vert tyriste romarbrevet mitt dette her. Men eg har ikkje fått tyilt so godt med tidlegare for eg fekk ikkje TV før i fjor haust. Men TV er godt å ha, ein lærer mykje av det.

Eg er ikkje fanatikkar helder no — slik som eg jeme var før. Eg har til og med teke imot råd



«Eg er ikkje fanatikkar»

«Kven seier «sen» og kven nyttar «sein»?». Kvart einaste ord i språket vårt har eit «sosialt» innhald. Vi har alle eit visst tilhøve til orda, fastsett av om-gjevnaaden vår. Eit ord står faktisk og «dirrar» i lufta på ein merkeleg måte. Om vi vrakar ordet og ler av det, for det gjer mange av nynorske ord, så ligg ikkje dette i ordet sjølv, det er ei politisk — sosial språktying, eit resultat av språkleg på-verknad og manipulasjon. I slike tilfelle må ein sjå like mykje på språkbruket som på språket sjølv. Eit slikt språkssyn som bygjer på «danna» og «udanna» lydar og ord, er eit resultat av Riksmålsforbundet si statusbestemde språkoppat-ning, som dei gjer sitt beste for å spreie kringom til folk.

Folk må sjølv fritt få velja sitt mål, og ikkje leva språkleg undertrykte og verta påtvunga målvale, slik det er for dei fleste i dag. Når så mange som flytter til nye miljø går over frå nynorsk til bokmål, er det ikkje eit fritt val, sjølv om det kan sjå slik ut. I dag er store luter av folket vårt i grunnen språkleg undertrykte, dei veit det berre ikkje og kjener ikkje nokon ubug som dei kan føre attende til den språklege undertrykkinga. Men ofte har denne undertrykkinga gjort dei så sosialt utrygge at dei lyt klame seg til sine undertryk-kjarar meir enn andre. I tillegg til dette vil dei forsvare seg mot si eiga frigjerding. Riksmåls-folk, som sjølv seier at dei ikkje har noko mot nynorsken, gjer sitt beste for å drive han ut or skulekrensar der folk har eit naturleg nynorsk talemål. Riksmålsfolka trygdar seg over språkleg og kulturell framand-gjerding og gjer såleis folk ei bjørneteneste. Målsak er såleis eit spørsmål om opplysning, ålmen opplysning om men-sket og mennesket sitt tilhø-ve til miljøet. Vi kan ikkje med ein bråbys springe ut or den kulturelle miljøoppgrunnen vår, det einaste vi kan gjere er å ta stode til han. Andre alter-nativ enn dette finst i røynda ikkje.

korleis eg skal gjera inn eiendommen min frå ein jhovasvine mann. Ag det er no enda verre enn katolisismen, so derfor mel-ner eg eg kan ha god nytte av og skriva til deg og. For du sa i TV at du ogso vilde sammarbeia med andre kyrkjesokn, so no er me snart like goe luttanaraa alle i hop.

Eg veit ikkje om du las «Ber-gens Tidende» her for ei stund sian. Det var ein Røkk- eller Roll eitt eller anna som kalla ei gyds-tenesta i Vangskyrkja for gyds-spotting, for det var so mange langhåringar der. Til å byna med var eg einig med han som skreiv, eg tykkjer det er fint med lantkt har på jenter. Jomfru Maria og hadde det, men gutane borde vera klyppe før dei vert sleppe inn i gyds hus. Og so hadde dei sett slagermelodia til salmane. Men etteppå so skreiv både jel-pepresten og ei rektorinda so me har her oppe att det var rørende å sjå so mange ong-dommar samla til gyds æra. og då viste eg ikkje kva eg skulde tru, for dei er no mykje klokare enn meg — for eg er no kje so klok nett. (du tillev vel at eg nemnde rektorinda — eg tenkte ikkje på det då — men det er vel berre kvinnelege prestar du ikkje likar — og jelppepresten er no mann og då so.) Ja, so no når eg ikkje veit kva eg skall tru, so tenkte eg eg skulde spyria deg som reknar deg no som ein mydlommann på da regllessa, kva som er rett og kva som er gale. For det du trur det trur eg eg vil tru eg ogso — for det er no mykje eg er einig med deg i.

Ta no færeksæmpei forskjellige preventive midler. Der meiner eg akkurat som du att det er synd. Og for mange vil det verta dyrt og i lengda. Ho Injelaug, kono, meint'no endåte at slikt skal ber-re gjerast når det er alvære. Det er no so — det er no jerne litt stritt — særlig var det det før. Men du har no alle dei titegare pavane sine ord for dette her, så dette veit no du betre enn meg.

Men visst ikkje du vill svara på dette eg sporde om gyds-tenesta i vansklyrkja fornemmar du meg ikkje for det — for du har vel ditt eige å passa på no etter at desse prestane i Vatnikane rauk i hop og slost. «Ak ja, kjødet er skrøbeleig» som, det står i skritte. Dissutan kan du veit ikkje so mykje norsk heller. Eg tenkt'han Torgrim, svigerson min, konde ha yversett det til italiensk, eller latin som de seier der nere, for han har vore til sjøss og trefit degosane som han kallar dykk, men han kunde ber-re litt om amore og slikt som har med det å gjera, so det vart ikkje noko greie på det.

So eg skal sytta no med å gie deg mi fulle støtte til alt du har gjort for freden og nauti i verda, for eg og ynsjer av heile mitt jana at der skulde ha vorte fred og slytt på all nau.

Eg har no kjøpt matbillett og betalt utviklingsskatt, og det har vel du og, endå no vert no snart mومن so høg att me ikkje får rå til nokkoting, men det skal eg skriva til Per Borten om, for eg lit på han og — når ikkje han, vert nøydd å lyga altois.

Med ærmluk helsing
Ven Frå Voss.

Ein „Poeta Doctus“

I førte nummeret av «Vestlandstia» presenterte vi haustens første produkt av kombinasjonen bergsstudent/lyrikar, Hans Sandes «Strime». Nestemann ut er Kjartan Fløgstad. Også han nyttar nynorsk språkdrakt, også hans diktsamling er utgitt av Det Norske Samlaget.

Fløgstad debuterte siste hausten med samlinga «Valfart», som jamt over fekk svært god kritikk. Ei av dei få innendingane var at Fløgstad var for lærd og allsidig.

Haustens samling, «Seremoniar», er bygd opp omkring dei tre elementa Vannet, Vinden, Bølga. Den heilskapsmeininga Fløgstad tykkjer å vilja formidle, er at det materialistiske notids-samfunnet er dauva for menneske.

« — — — — — sparer automatisk att og fram på brune og driv langs promenadane som buskepar som kjemmer tev av vass bøyer dei seg fram og drikk seg sjølve opp or brune, stillestående kanalar.»

Krassare er det meiningslausa og framskjeddne formulert i diktet om moderne horeliv: *Pyrrus: Ved baner. Kalben er tømnd. Natta og sarne —*


av vellyst forbi. Skorpionen har senka sin brodd. Ein febervind stryke seg avinnig mot muren av einsemd og tennpake, morgon-kviti skodt.

Rommet er lukka om balustrer, minne, innestengd tyll og ei nobbreidd seng. *Rasen brenner eldlaus med dei fortapte, og rullar morbid på smeklaus slang.*

Ho kulnar i stilla fråtane kunnar, og skjeiv i morgondelirisk, av- Og slokar som neon, skrik og med månekin, springflod — i bannegrå lys arbeid.

Kva kan så få mennesket ut av dauvane? Vinden. Det er umogeleg å eksplisiterer kva dette elementet symboliserer. Ei viktig tyding av omgrepet synest å vere lærdom, som er kunnskap om fortida og vårt eige medvit. Gjennom å formidle slik kunnskap, vil dikteren gjere vår sams fortid aktuell og dermed utvide perspektivet for vår eksistens. Den kunnskapen lesaren får om fortida, gjeld først og fremst antikken, førestellingsverd og idéar frå europeiske diktarar og filosofar.

I nokre av fortids- og med-visdika verkar Fløgstad færlande lærd — ein «poeta doctus». Men det er vel naturleg at ein må vere lærd for å formidle slik kunnskap.



Kjartan Fløgstad

Om lærdomen ender og då gjer det vanskeleg for lesaren å tileigne seg dikta, er likevel det allsidige ved «Seremoniar» eit langt meir dominerande trekk.

— Og allsidig er i denne samanhengen meint positivt: Her er vel så mange lettferlege dikta. Her er skoleg tilgjengelege dikta. Her er tradisjonelle strofeformer som sonette og ballade, modernistiske dikt og kordikt. Her er emne langvegstrå, både i tid og rom. Vi møter fotballstadion, kritikk-na, paraddis og tannhjul på ein gong.

Til sist tre kortfatta «seremoniar». Den første om døden, eit sentral motiv i samlinga: *Påstand om døden*

Vakkert å ha gjene desse trea til jorda før vi gjev oss sjølve.

For bo er hard mot oss og blidkast iekte om vi går den vegen ho smurrar.

Så «ettervendinga» med dām av austerlandsk formulering-kunst: *Ho har gått gjennom angro mine. Ut i den blåne hausten.*

Siste «seremonien» i samlinga er det tause møtet med antikken: *Stasis*

Iekte lenger maskekona Iekte vigselhyken

Her er staden og stilla etter dei som gjele bort gjennom natta.

PS: Fløgstad har skrivne størsredelen av dikta i Spania. Eit leksikon og ei spansk ordbok er ikkje noko vilkår, men kanskje ein fordel å ha for handa p-gra. ein del spanske namn og stat. «Seremoniar» Diktsamling av Kjartan Fløgstad. Det Norske Samlaget 1969. Kr. 18,-.

Ras.

„Riksspråk og folkemål“

Framifrå arbeid av norsk-amerikanaren Einar Haugen

Merkeleg nok har vi ikkje her i landet hatt noka samla utgreiing om språket vårt i det siste hundreåret. Rettnok er det skrivne flust om språket vårt, eller språka våre, men storparten er polemiske innlegg eller studiar over einskildne. I 1966 kom det endeleg ei nokohunde heilseg målsoge for dei siste hundre åra, men ho var skrivnen på engelsk av norsk-amerikaneren Einar Haugen. Denne boka er no med små endringar sett om til bokmål. Fyrst har forfattaren ei interesseant utgreiing om framvokstere av nasjonalspråka i Europa og tilstanden i dag hjå ymse nasjonar. Vi får såleis vita at det sleit ikkje er vvanleg at eit land har språkproblemen å dragast med. Så gjev han seg i kast med dei norske tilhøva, og hovudvektla vert lagt på 1900-talet, men med ei lita tilbakeskoding mot Wergeland, Aasen, og Knudsen. Lesarane må vera merksame på at forfattaren i fyrste rekke skriv om normeringsarbeid, og viktige spørsmål som t.d. målfrøinga hjå diktarane ligg på sida

Lyriske Bergens-studentar

Kjartan Fløgstad SEREMONIAR

Ung europear i norsk lyrik. Vekte stor oppsikt med debut-boka som kom i fjor. Kr. 18,00.

Hans Sande STRIME

Lyrikdebutant med eit skarpt intellekt og ei fin evne til å ordlegge seg knapt og underfundig. Kr. 18,00.

Det Norske Samlaget

av framstillinga.

Boka er likevel ei sann gullgruve for alle som har hug å sjå målstrev og målkjeft på høveleg frastand. Haugen gjev att eit mylder av sitat, og alle partar i striden får koma til orde, så sant det let seg gjera. Det er difor ikkje til å hindra at ei slik utgreiing blir morsam. Vi får vita at Oslo Riksmålsforening i 1958 vedtok ein resolusjon der dei truga med å skipa parallelle riksmålsklassar for borna, for dei var visse på at «hois deres barn skal nå frem til gode stillinger innenfor næringslivet, må de lære å beherske et naturlig og ledig kultursprog, d.v.s. riksmålet». Men Haugen tek fyrst og fremst med sitat som har vektigare innhald, og det kan jamvel svi litt i eit trefast målmannshjarta å lesa om alt som har vore sagt og gjort så lenge målstriden har loga.

Einar Haugen strekar under at det var fyrst då målfolk tok politiske åtgjerder for å trenja norsk mål at dei byrja å vinna sigrar, men det var også då språkstriden byrja for alvor. Heile utgreiinga gjeld den rolla statleg og privat politikk har spela for at resultatet er vorte som det er. Stort rom får det arbeidet Koht gjorde for å få arbeiderklassen medviten om språket, eit arbeid som er utifrå viktig skal ein forstå samnorskstreivet før og etter krigen. Forfattaren har og nokre sider om språkpolitikken at N.S. under krigen, ein lut av målsoga vår som ingen har ansa noko større på emno, etter det eg veit. Så kjem over 100 sider om språkstrid etter krigen, om reaksjon og foreldre-aksjon, språkneemd og ny lærerboknormal, og slippå skriv han eit kapittel om Vogt-komitéen.

Som ventande er finn vi ikkje så mykje om det som har hendt i språkdebatten etter 1960, og av den grunn må vi ikkje tru at boka gjev eit heilleg bilete av tilhøva i dag. I dei

siste åra har nemleg mange målfolk teke til å analysere samfunnet og dei kreftene som påverkar språkutviklinga, og stendig fleire får augo opp for at vi må driva politikk, ikkje minst distriktpolitikk, skal vi vinda strauamen. I medan rir riksmålstolka på dei same problemstillingane som for 20 år sidan, med kriging mot ein samnorsk som ikkje eksisterer, og med teoretisk elst, men praktisk lynnestrav mot nynorsken. Dei nye strauandra kjem ikkje med i den historiske utgreiinga, og det at Vogtkomitéen er omtala, briggdar life på det faktum, for Vogtkomitéen vart grunnla på problemstillingane frå 1950-åra. Men når sant skal seiest, nemner Haugen litt om Skands bok «Målstrid og Massekultur» i sluttkapitlet, der han gjev ei forvirreleg vurdering av kva resultat normeringsarbeid har gjeve og kva lærdom vi kan dra av det. Heilt sist vurderer han vonene for utviklinga i framtida, og noko gjennombrøt for målet vårt kan han ikkje øyga. Heller ikkje trur han på nokon «språkfred». Typisk nok sluttar han av slik: «Men kan-skje — som Bjørnson sa — er fred heller ikke alltid det beste, men at man noe vil?».

Like vendtull som sjølve utgreiinga er ein bibliografi som strekker seg over 45 sider. Der har utgjevarane også fått med heile nye publikasjonar som t.d. «Kontur og Kontrast». Boklista har og ei heil avdeling med utamlansk litteratur om språklege emne.

Boka er komen ut i smakkfull innbinding og kostar kr. 48,-. Men kunne ikkje forlaget heller sendt henne ut som billig-bok? Dette verket er nemleg for viktig til å bli liggjande ukiøpt og ulese på eit lager.

Arfinn Otterå.

Einar Haugen: NORSK SPRÅKPOLITIKK I DET 20. ARHUNDRE

Universitetsforlaget, 362 sider. Kr. 48,-.

Vestlandske Teaterlag

— Støtteleag for nynorsk teater i Bergen —

Postboks 1105 — Bergen — Postgiron 307868
VERT MEDLEM OG STØTT DI EIGA SAK!

ARSPENGAR ER MINST:

Skular og høgskular kr. 25,—.
Distrikts- og fylkeslag kr. 100,—, einskildlag kr. 50,—.
Næringsorganisasjonar og verksemdar kr. 100,—.
Einskildpersonar kr. 10,—.

Vestlandskontoret



DAÐ OG TID

Enklaste måten å tinga bladet her vest er å venda seg beinveges til Vestlandskontoret, H. Holmboesgt. 24 (rett ovanfor Klubben). Vi formidlar tinging — fornying — lysingar — reportasjar — artiklar og anna stoff. Telefonnummet vårt er: 11 693.

SKAL VI ALLE... (Framhald frå side 8)

sterk. La oss til slutt spørje Dyke: Ligg det i denne utviklinga ein uauventelig tendens fram mot utvikling av våre nasjonale kulturar, og er alternativet ein stor amerikansk jellshokk? Skal vi alle bli amerikanarar?

Kjell Eide svarar då: «Eg har inga tru på våre sjansar til å konservere alle sub-kulturar. All historie har synt ein evig dynamikk i dette at visse kulturar blir absorbert av andre som igjen er i stadig ending. Men dei tyder ikkje at utfallet av den utviklinga vi går i møte er gitt. Og ho er altså slett ikkje gitt med ei akseptering av økonomiske vekst. Vi vil ha stor valfridom til å bestemme vår kulturelle mønstre. Men vi kan ikkje rekne med å ta vare på alle dei lokale kulturarane i Noreg i dag, og vi kan ikkje rekne med å konservere den næraste busetningsstrukturen. Vi har ei rad bygdeelement som alle trillaut er ein del av det norske kulturbiletet. Nokre av desse elementa vil bli borte, medan andre vil ha livets rett dersom vi fortid å verne om dei. Eg har lyst til å sitere Hartvig Fritsch: «All framgang blir opptatta av nokon som tap av kultur». Men vi må stelle oss heilt oppsiktsvekkjande dumt dersom vi vel å bli ein provins av den store amerikanske jellshokk. Dette kan berre skje dersom vi heilt dreg oss unna vårt ansvar og vår reelle makt til sjolve å forme vårt kulturmønster. Eit hovudmål for vårt nasjonale strev i tida framover må vere ikkje på død og liv å konservere alt som vi opptatt som norsk, men å styrkje vår evne til både å ta vare på det som er av særlig verdi i vår nasjonale kultur, og å ta opp dei mest verdifulle impulser frå andre.»

Dette svaret representerer ei nokså typisk politisk haldning i vårt moderne samfunn. Tektonikarar og byråkratar meiner til og med at ho er objektiv og upolitisk! Det gjeld på død og liv å tilpasse alt og alle «den løpende utvikling» utan å spørje folk om dei verkeleg vil ha det slik. Eg tvilar på om folk verkeleg vil leva i byar all sin dag, rundspørjingar tyder på det motsette. Meneska er til for samfunnet, (les: storkapitalen), og ikkje omvendt. I staden for at menneska sjolve får dirigere utviklinga slik dei vil ha henne, let vi ei litra gruppe finansfrystar styre oss, folk som berre har kortsynne profittinteresser.

Det Norske Samlaget har hatt stor suksess med den nye Orion Debat-serien. Truleg vil også denne boka føre seg inn i rekka av suksessar. Særleg er det eit fint trekk at heile det politiske spektret får uttale seg i ei og same bok. På den måten vert lesaren vinga til å tenkje sjølv på ein indirekte måte. Eit alvorleg ankenål er det likevel at svært få av forfattarane i det heile kjem inn på kvifor USA er eit land med gjærande uro og strid. Ein heilsleg økonomisk analyse ser ein ikkje noko større til i det heile hos nokon av forfattarane. Somme av artikkane

er av ein eldre dato og til dels uaknuelle no.

Eit anna ankenpunkt: Fleire av innlegga er skrivne på bokmål. Er dette fordi skribenane har nektet å la dei bli omsette til nynorsk, eller er det beintfram fordi dei ansvarelege i redaksjonen rett og slett ikkje idest omsetta dei? Somme av forfattarane som til vanleg nyttar bokmål finn vi på nynorsk, andre skriv bokmål. I tidlegare bøker av same slaget, t.d. «Ja eller nei til NATO», har alle artikkane vore på nynorsk. Eg saknar ein konsekvent politikk her. Hovudføremålet til Det Norske Samlaget er då å gje ut bøker på nynorsk, og då får dei versigod gjera det.

«Den største begivenhet på høstisten» vart det sagt om «Nynorsk novellekunst» som Det Norske Samlaget gav ut i 1965. «Nynorske noveller» er ei ny utgåve av «Nynorsk no-

Bokmåslitteratur har vi då nøgda av frå før. O. A.

«Amerika og Vi», Redigert av Einar Førde Orion Debat, Orion-bøkene 90 Det Norske Samlaget 1969 131 sider. Kr. 14.00.

Noveller frå Aasen til Økland

«vellerkunst» med tillegg av fire yngre forfattarar: Johannes Heggland, Michael Crosby-Jones, Tor Obrestad, Einar Økland.

Trass i at den nynorske novellekunsten vel er fattigare enn lyrikken og romantikkinga, er det meir enn nok å velje i. Halldis Moren Vesaas og Leiv Fetveit, som har redigert antologien, har lagt stor vekt på å gjere utvalet så allsidig og godt som mogleg. Og lesaren har grunn til å gje seg over resultatet. Her møter han det beste av nynorsk fortellekunst i noveller frå Ivar Aasens «Storm og stille» med «happy ending» til Einar Øklands makabre «Black & Decker». Språket i novellene er normalisert. Hos dei eldste forfattarane er det til samanlikning sett inn ei tekstsida med den originale rettskrivinga. Det rike utvalet vil gi dei mange lesarane både gjenkjenningsglede og oppdagarglede. Både språkleg og litterært viser «Nynorske noveller» stor variasjon og spennvidd, og vil bli ei umistande bok for alle som skal lære nynorsk språk og diktning å kjenne. Boka har fått eit tiltalende utstyr og ein sympatisk pris.

«Nynorske noveller». Ein antologi redigert av Halldis Moren Vesaas og Leiv Fetveit. Det Norske Samlaget 1969. 246 sider. Kr. 19.50.

Studenttinget

Moderasjonsbevis for reiser kan kjøpast på Studentensekretariatet frå 13. september.

Sjå oppslag!

Studenttingets arbeidsutvalg har kontorid frå måndag til fredag frå kl. 11—13.

Frist for annonsesestnad til studentpressa: 15. nov.

Studentane sin eigen bokhandel

STUDIA

UNIVERSITETSBOKHANDEL

Langesgt. 1 — Telefon 12 095
N.H.H. — Telefon 56 500

Årstadsvelen 19 (De prekliniske institutter)
TELEFON 93 641

TIL STUDENTENE PÅ N.H.H.

Vi kan tilby et stort utvalg i:
KOLONIAL - MELK - BRØD - KJØTT
DELIKATESSE - FRUKT - TOBAKK
SJOKOLADE - ØL - MINERALVANN
etc.

KOLSTAD DAGLIGVARE

Selvbetjening — varer sendes!
Kiosken er åpen til kl. 23.00.
Telefon 59 080.

Kaffistova til Ervingen

Strandkaia 2 — Bergen


Ope frå kl. 08.00—22.00

Middag frå kl. 12.00—18.00

VESTLANDSFAN — 7.

ALLÉHJØRNET

Herman Fossgt. 12. Telefon 14 570
ØL — BRUS OG KOLONIAL



VESTLANDSBANKEN

Telex 2045 — Bergen.

Orden — oversikt med konto i banken

Her kan studielån i Statens Lånekasse og andre midlar De disponerer gå inn på sparekonto eller sjekk-konto.

Rikt utval i materiell til alle skuleslag

Norsk Skiemaforlag L/L

Kong Oscarsgate 15 — «Fensal»

SKAL VI ALLE BLI AMERIKANARAR?

Ny tankevekkjande debattbok frå Det Norske Samlaget

Vi er inne i ei tid då utviklinga tykkjet springa frå oss. Mange av oss tykkjer nok sumdom at det vert reint for mykje av det gode. Hovudstøtet for den teknologiske eksplosjonen finn vi på den andre sida, av Atlanteren, nærmare bestemt i USA.

For hundre år sidan sa Johan Sverdrup i Stortinget: «Den Værdsmagt som nu stiger saa mægtig i Vest, vil komme til at overbygge alt i sin Udvikling. Den vil lede Verden i Politisk, Økonomi, Nærings- og Aandsliv. Det romeriske Verdensrige vil blive som en Smatning til Sammenhengning.» Vi må seie at Johan Sverdrup på ein merkeleg måte er blitt sannspådd. Det Norske Samlaget har i haust gjeve ut ei ny debattbok i Orion-serien som nettopp tek for seg Amerika og vårt tilhøve til denne gigantnasjonen. Boka er ei artikkelsamling og har fått tittelen «Amerika og Vi». Ho er redigert av Einar Førde, ung og nysvald stortingsmann frå Arbeidarpartiet.

Vi har lenge vore nært knytte til USA, men forholdet har vore meir problematisk dei siste åra, og no kan det vere grunn til å spørje om vi bør late oss «kolonisere» av amerikanarane. Store deler av den norske industrien er jo alt komen over på amerikanske hender, og alt tyder på at denne utviklingstendensen vil halde fram.

Kvifor er det då naudsynt å ta opp vårt tilhøve til Amerika?

«Fori USA er den dominerande makta, politisk og økonomisk, også i vår del av verda, og fordi ei mengd av dei mest lagdanningsavgjerder-offisielle og uoffisielle — for vårt land i dag blir tatt av amerikanarar.

Fori USA er den mektigaste militærmakta i verda, og fordi vi er allierte med denne militærmakta.

Fori denne mektigaste militærmakta i verda i mange år har ført ein opprørande krig mot eit lite folk, ein krig som også vedkjem oss direkte fordi han har forgrifta atmosfæren i dei internasjonale samfunnet og dermed sett også vår tryggleik i fare.

Fori USA både heime og ute etter kvart har kome til å stå for handlingar og ideal som ikkje bør vere våre.

Fori USA er det industriell og teknologisk dominerande land i verda og er inne i ei produksjonsutvikling som også kan bli vår dersom vi ikkje passer oss.

Fori politisk og økonomisk makt også er kulturell makt, og fordi vår nasjonale kultur og vårt språk er under eit stadig sterktare press frå den amerikanske kulturen.

Fori USA er utgitt frå Europa, og fordi vi historisk alltid har vore knytte til Amerika. Mange slektsbånd bind oss til folket i Amerika.

Fori Amerikas framtid er heilt avgjerande også for vår framtid.

Anten vi skal samarbeide eller konkurrere med USA, enten vi skal høyre oss nærare til Amerika eller freiste å frigjere oss, må vi klargjere vårt tilhøve til Amerika.

Førde peikar vidare i innlegget sitt på dei store skilnadene det er mellom ord og handling, idealisme og realitet i det amerikanske samfunnet. Nokre pompøse og bombastiske prestidattalar er tekne med for å illustrere dette, og dei gjer det på ein mest grotesk måte. Noko anna enn ordskryv er dette slett ikkje. Førde har ei lita von om at Nixon kan greie og rette på dette, han står ialfall i ein slik posisjon no etter å ha overtrekket roret for ei skute med sterk slagside. Han konkluderer med at det er grunnleggjande forandringar som trengst i den amerikanske nasjonen i dag, men prissetter ikkje kra desse gjer ut på og korleis dei skal gjennomførast. Utsegna står då på ein måte og sprikar i lause lufta.

Sigmund Skard tek i sin artikkel utgangspunkt i Europas bilere av Amerika og gjer på ein forvinnleg måte greie for korleis det har skift frå tid til annan. Han synar at det alltid har stått strid om landet og dei ideala dei representerte, vurderingane har svinga mellom kritikklause dyrking og like unyansert nedaktning, som no. Somme har sett og ser framleis på Amerika som eit evenyrland der fred, fridom og demokrati råder uavgrensa, andre att ser på det som eit typisk døme på framvokstet av kapitalismen og klassesamfunnet. Skard understrekar sterkt at Amerika er eit svært heterogent samfunn, og at det difor er uråd å vere heilt mot det eller for det som helskap. Amerika-biletet i Europa er i dag meir brokut enn nokosinne, seier professor Skard. Det er mykje som tyder på at det tradisjonelle Amerika-biletet no står på avskrivning i verda, men det er lite truleg at europearar vil slutta å laga seg bilere av landet for det, meiner han.

Gunnar Skirbekk har skrive ein interessant og tankevekkjande artikkel om dei intellektuelle si stilling i det amerikanske samfunnet i dag. Samfundets gjer han greie for den vulgarmaterialistiske tenkjemåten i amerikansk politikk, den som definerer alle problem berre som praktiske problem. Denne «handlingsideologien» lever i beste velgåande i dag og, framand for intellektuell analyse og argumentasjon. Skirbekk skriv: «I innvandringspolitikk gir dette (ureflektert politikk medvit) seg utslag i ei ureflektert overtydning om at alle problem kan bli «ordna», utan «unødige spekulasjon», ved teknologisk og «science», og i antikommunistar som idealer om «the self-made man», i maktvorne

kommentarar og lågt nivå i presse og andre massmedia, og i ei utvilsa enne til strukturell tenking: Ein erkjenner ikkje at ens eigen situasjon, eins arbeid og ideal, faktisk heng saman med eit visst samfunnsystem. I wankipolitikk gir det seg dessutan utslag i ei illusorisk innledning av nasjonar og statsstelar i «gode» og «vonder», utan tilstrekkeleg evne til å analysere dei framande samfunna, for stikk i forstå drivkraftene i dei».

Kven har vel ikkje merka ein liknande tenkjemåte her i landet og i den seinaste tida? Eiar del komiteinstillingar og odelstingsproposisjonar som er komne i det siste skulle vera prov godt nok, utan at nærmarer presisseringar trengst. Positivismen og historismen i dei humanistiske vitenskapene er og i røynda alner av det same stykket.

Dei intellektuelle i USA er ei isolert gruppe som svært sjeldan får koma til orde. Kva dette kan føra til, skisserer Skirbekk opp slik: «Stikkende innviert i dei reelle kreftene i ein politisk situasjon kan føre til at dei bandlingane ein trurde skulle hjelpe, ikkje fører fram, noe som igjen kan skape angst, og dermed behov for «forsvar». Manglande kunnskap om andre folk og forhold skapar ofte angst som kan slå ut i ei proteksjonistisk og aggressiv holdning. Sjølvagt utgjør økonomiske, geografiske og maktpolitiske forhold, på det objektive plan, bakgrunnen for

internasjonale konflikter. Det vi ber seier, er at «inadekvat ideologi», manglande rediitetsans, gjør oss uaktkeke til å handtere dei konflikte som lagar seg».

Helge Rønning gjev ei god skildring av det amerikanske valdsamfunnet. Han har utvilsamt rett når han peikar på at framvokstet av den nye venstrestøtta i verda heng nøye saman med Vietnam-krigen. Denne skrine krigen reiv bort alle illusjonar om det snille, fredseltskande USA. Samfundet har han ført til ei meir samfunnskritisk haldning til andre land og. Ein har vendt søkjelyset mot det økonomiske systemet som kan gjele slikt mogeleg, og det finn ein andre stader òg enn berre i Amerika. Framvokstet av monopolkapitalen, det vil då seia den økonomiske sentraliseringa, må sjåast i nær samhang med denne krigen og ulla i andre deler av verda elles.

Rønning karakteriserer ein stad det amerikanske valdsamfunnet slik: «Det må vere noko sner i eit samfunn der vald i dei mest betydelige former er jamle underbaldning, medan eit krys som varer lenger enn eit visst tal sekund, er umoralsk».

Folk som George Wallace vil få auka støtte mellom fattigfolka i tida som kjem, meiner Rønning. Denne tilsynelatande «ulogiske» påstanden grunnleggjer han slik: «Det er feil å seie at det var rein rasisme som låg bak når så mange slutta opp om Wallace. Det var noko meir, ein protest mot eit samfunn der den kvite underklassa er i ferd med å misse fotfestet. Dei som stemte for Wallace, var redde for at automasjonjen skulle ta frå dei jobben, dei var redde for at negrane skulle ta frå dei den heimen dei hadde spart saman til. Dei lei ikkje på politikarane som hadde gløymt problema dei-ra. Før var det det demokratike partiet som hadde kjempa for rettane til dei emneke gruppene, men no har partiet mist taktet på mange arbeidadar i nordstatane. Dei anar at partipolitikk går mot deiia interesser. Fagforeningane er meir byråkratiske enn nokosinne. Krava frå mennene på arbeidsplassen når ikkje fram til leiinga. Desse gløymde amerikane har ingen talsmann. Dei vender seg til Wallace, for i den unyanserte retorikken hans tur dei at dei finn løysinga på problema sine».

Artikkelen saknar etter mitt syn berre ein noggrann økonomisk analyse som må til for å skjone samfunnstilvøra i dette landet heilt ut, elles er det lite å innvende her.

Sverre Maaland, utanriksredaktøren i Svaranger Aftenblad, er i sin artikkel mest oppteken av å heisa mot dei nye vensterradikalarane. Start som dette er nokå typisk i så måte: «Heile den radikale tenkjemåten er bygd opp omkring marxismen i ei eller anna form, og etter dette

kartet prøver så dagens radikale ungdom å ta seg fram i terrengel både heime og ute. Ikkje å undrast over at dei går seg vill!».

Særst ille tykkjer han det er når dei har grave fram att Marx og Lenin. Han brukar ikkje eitt ord på å visa at marxistiske samfunnsanalyser er ranke, dei er berre ikkje «rette», ferdig med det Karl Marx levde for hundre år sidan, ergo kan han ikkje ha noko å seie oss i dag. Analysane hans av det kapitalistiske samfunnet kjennet Maaland tydelegvis ikkje, men dei stemmer ikkje, der kan Maaland slå fast likevel. Er ikkje ei slik haldning nokå typisk for anti-marxistar i dag? Helle innlegget hans er eit kraftig spark til «Amerika-hatarane», det er tydeleg nok.

Harald Bernsten sin artikkel synar på ein fin måte samspillet mellom kapitalismen i USA og avleggjara her i landet. Innlegget saknar likevel ein analyse av den amerikanske monopolkapitalen og det amerikanske klassesamfunnet. Dette kjem nok mykje av at artikkelen var skriven så tidleg som vinteren 1968, då ein ikkje visste så mykje om dette som no. Bernsten konkluderer med at for oss nordmenn må kampen mot amerikanarane i første rekke bli ein kamp mot «amerikanarane» her i Norge.

Frank Bjerkholt, som er utanriksredaktør i Morgenbladet, prøver å gjele greie for motiva attom USA sin utanrikspolitikk, men dei «moraliske» forklaringane hans verkar på ingen måte overtydande. Tradisjonell austvest-tenkning dominerer framstillinga. På den eine sida har ein «spjgge» kommunistar med Mao i spissen, på den andre sida USA som ein «null» godfar som tek alle i sin famn. Det er, og har alltid vore godfaren si oppgåve å «freise» alle frå dei «gubbe, runde uluane». Helle artikkelen er eit oppgulp av «vedteke» sanningar, sjeldan finn ein skikkelege grunnleggjarar for det som vert sagt. Politikk er visst, for Bjerkholt ialfall, noko som går føre seg på det metafysiske og psykologiske planet. Artikkelen er likevel viktig fordi han manar til motforestillingar på ein fin måte.

Siste bolken i boka er eit intervju med sosialøkonomen Kjell Eide, som no er ekspedisjonsstjer i Kyrkje- og Undervisningsdepartementet. Intervjuar er Einar Førde. Eide gjer greie for Norge og Europa sitt tilhøve til Amerika i lys av franskmannen Servant-Schreiber sine idar og kjem i sin tur også inn på Noreg sitt forhold til EEC-landa.

I siste delen av intervjuet rettar Einar Førde han dette spørsmålet: «Vi veit at den teknologiske utviklinga og den produksjonsutviklinga vi i dag er inne i, har store konsekvensar for vår nasjonale kultur: Den amerikanske påvirknaden er særleg (Framhald side 7)



Søkelys på vårt forhold til Amerika

Amerika og vi

Redigert av Einar Førde. Artiklar av Harold Bernsten, Frank Bjerkholt, Kjell Eide, Einar Førde, Sverre Maaland, Helge Rønning, Sigmund Skard og Gunnar Skirbekk.

Orion Debutt. Kr. 14,00
Spør etter den nye billigbokatologen vår i bokhandelen!

Det Norske Samlaget